



Arkivnr: 2014/10299-97

Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland/Marianne Ose Askvik

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		13.05.2014

### Tilskot til innvandrarorganisasjonar og fleirkulturelle tiltak

#### Samandrag

Fylkeskommunane er tildelt ansvaret frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet(IMDI) med å fordele tilskott frå statsbudsjettet kap. 821, post 71 - Tilskot til frivillig verksemd i lokalsamfunn som bidrar til deltaking, dialog og samhandling dvs. stønad til lokale innvandrarorganisasjonar og frivillige, fleirkulturelle aktivitetar i fylket. IMDI legg også fram retningsliner for tildelinga.

For 2014 stiller Integrerings- og Mangfoldsdirektoratet kr 1 189 731 å fordele mellom tilskotsmottakarane i Hordaland. For ordninga med driftstilskott (del 1) er det kome inn 31 søknadar for 2014. For fleirkulturelle tiltak(del 2) er det kome inn søknadar frå 51 organisasjonar/grupper. Det vert i denne saka gjort framlegg om følgjande fordeling:

Drift innvandrarorganisasjonar kr 325.000

Fordeling til frivillig verksemd i lokalsamfunn kr 852.000

Sum tilskot 2013 kr 1.177.000

#### Forslag til vedtak

1. Kultur og ressursutvalet løyver kr 1.177.000 over budsjettpost 400.750.00 til drift av innvandrarorganisasjonar og fleirkulturelle tiltak slik:

Støtte til drift	Tilråding
APAF Bergen	0
Alliance Francaise de Bergen	19000
Association of Ghanaians in Hordaland	14000
Bangladesh Students Union in Bergen	9000
Bergen Tamilenes forening i Bergen	21000
Bosnisk-norsk venskapsforening "Liljani"	21000
Carita St. Paul	0
Den eritreiske forening i Bergen	11000
Den Etiopiske forening i Hordaland	14000
Den Kongoletiske forening Lisanga	6000
Den latviske foreningen i Norge-Bergen	0
Den Vietnamesiske velforening	19000

Eritreisk vennskap og støtteforening	11000
Forreningen av serbere og venner til Serbia i Bergen	19000
Global Relief Somali Foundtion - drift	19000
Internasjonal kulturklubb Stord	26000
Institut Sevdaha	14000
Multinasjonalt kvinnefellesskap i Bergen	0
Nepali Bergen Society	14000
Oromo forbund i Bergen kommune	9000
Palestinaforeningen	11000
Radio Voz Latina	0
Somalisk kvinneforening Hordaland	19000
Thai Forening i Hordaland	27000
Tsjetsjetensk-Norsk vennskapsforening	11000
Vietnamesisk forening Os	0
Wasdalendo Kenya	11000
<b>Til saman</b>	<b>325000</b>

Tilskot til frivillig verksemد	Tilråding
African Dance & Drum	10000
AKUFO	10000
Alø-Madina Internasjonal Kvinnegruppe	20000
Askøy kommune	10000
Amatørkulturrådet i Bergen	14000
Bangladeshi Students Union in Bergen	0
Barnevakten	30000
Bergen Rugbyklubb	30000
Bergen int. Kultursenter	0
Bergen Soroptimistklubb	7000
BIFF - Bergen internasjonale filmfestival	25000
Bømlo frivilligsentral	20000
Bømlo kyrkjelege fellesråd	0
Caritas St. Paul	40000
Den etiopisk forening	0
Det felles innvandrerråd i Hordaland, fotballturnering	11000
Det felles innvandrerråd i Hordaland, 1. mai	6000
Det felles innvandrerråd i Hordaland, org.kurs	25000
Det felles innvandrerråd i Hordaland, Olympiadén	12000
EPWISEF Association	8000
Folkehelseprosjektet i Øygarden og treningsenteret Peak Fitness	10000
Fjell kommune/Straume helsestasjon	8000
Foreningen av Serbere og venner til Serbia	0

Bergen	
Foreningen av Serbere og venner til Serbia Bergen	0
Gambia org. Westland Branch Bergen	9000
Global Relief Somali Foundation, deltaking på konferanse	0
Global Relief Somali Foundation, informasjonsturne	0
Global Relief Somali Foundation, konferanse	0
Hordaland Idrettskrets	80000
Høylandsbygd Bygdalag	0
Institut Sevdahah, talentutvikling	0
Institut Sevdahah, frivillighet	8000
Internasjonal Kvinneforening Sotra	12000
Kalandseid IL	45000
Karine Meisfjord	30000
KIA Bjørgvin(Kristent interkulturelt Arbeid), til saman	25000
Kirkelig dialogsenter i Bergen	30000
Knarvikmila	30000
Kolibri (Children at risk foundation)	0
Kvam kulturskule, Barnas verdsdagar	25000
Kvam kulturskule, Fleire fargar i Kvam	30000
Livshjulet for Den rumenske forening i Bergen	15000
Multinasjonalt kvinnesellesskap, til saman	30000
Nepali Bergen Society	0
Nordhordland padleklubb	10000
Palestinaforeningen	0
Radio Tamil	8000
Radio Voz Latina	15000
Salem Nærmiljø	9000
Sierra Leone Women's Organization in Hordaland	0
Sim Kulturmestringssenter i Åsane v/Tertnes kvinne & familielag	25000
Somalisk Kvinneforening i Hordaland	10000
Sportsklubben Trane	0
Stiftelsen SESAM	16000
Stiftinga Grannehjelpa	20000
Ullensvang herad	20000
Vaksdal frivilligsentral	7000
Vitalitetssenteret frivillighetssentral, juleball	10000
Vitalitetssenteret frivillighetssentral, kvinnegruppe	10000
Vitalitetssenteret frivillighetssentral, prateklubb	4000

Vitalitetssenteret frivillighetssentral, karneval	0
Vitalitetssenteret frivillighetssentral, for småbarnsfamilier	10000
Vitalitetssenteret frivillighetssentral, leksehjelp	0
Voss internasjonale kvinnekubb	8000
Øygarden frivilligsentral	5000
<b>Til saman</b>	<b>852000</b>

2. Det vert gitt fullmakt til administrasjonen å handsame og fordele restsummen på kroner 12 731 og evt tilbakebetalte midlar.

Johnny Stiansen  
fung. fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

### **Fylkesrådmannen, 29.04.2014**

Fylkeskommunane er tildelt ansvaret frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet(IMDI) med å fordele tilskot frå statsbudsjettet kap. 821, post 71 - Tilskot til frivillig verksemd i lokalsamfunn som bidrar til deltaking, dialog og samhandling dvs. stønad til lokale innvandrarorganisasjonar og frivillige, fleirkulturelle aktivitetar i fylket. IMDI legg også fram retningsliner for tildelinga.

Fordelingsramma for tilskot til fylkeskommunane vert rekna ut frå fylket sin del av innvandrarbefolkinga, på bakgrunn av befolkningsstatistikk frå Statistisk Sentralbyrå pr. 1.1.2013. Med innvandrarbefolking meinast i denne samanheng talet på personer ført i utlandet som er fast busett i Noreg og som er født utanfor Norden, USA, Canada, Australia og New Zealand, samt deira barn. Det er i statsbudsjett for 2014 sett av 15,88 mill. kr. til tilskott til ordninga. Hordaland har fått 1 189 731 kroner til fordeling for 2014, i tillegg eit administrasjonstilskot på 132 192 kroner.

Integrerings- og mangfoldsdirektoratet "Tilskot til frivillig verksemd i lokalsamfunn som bidrar til deltaking, dialog og samhandling". Ordninga er todelt:

1. Måla for driftstilskot til lokale innvandrarorganisasjonar er å bidra til:
  - å styrke lokal organisering av innvandrarar
  - å gje innvandrarar tilgang til fleire sosiale nettverk
  - å få innvandrarar til å fremje felles interesser overfor lokale styresmakter
2. Målet for tilskot til frivillig verksemd i lokalsamfunnet er  
å skape møteplassar i lokalsamfunn på tvers av etnisk og nasjonalt opphav

For ordninga med driftstilskott er det komne inn 31 søknader for 2014. For fleirkulturelle tiltak er det komne inn søknader frå 51organisasjonar/grupper. Det vert i denne saka gjort framlegg om følgjande fordeling:

Drift innvandrarorganisasjonar kr 325.000

Fordeling til frivillig verksemd i lokalsamfunn kr 852.000

Sum tilskot våren 2014 kr 1.177.000

Det ligg ingen føringar frå IMDI på korleis fylkeskommunane fordeler midlane mellom del 1 og 2 av ordninga.

Vi ser ein nedgang i mottekne søknader dei siste åra – spesielt frå innvandrarorganisasjonar. IMDI har innskjerpa sine retningsliner på fleire punkt, og dette er sannsynleg hovudgrunnen til at fleire organisasjonar som tidlegare sökte no har tatt avslag på søknad og gjeldande retningsliner til etterretning og difor ikkje søkt. Dette kunne vore interessant å undersøkt nærmare, og å sjå på evt kva konsekvensar dette har hatt for den innvandrarstyrte aktiviteten og anna fleirkulturell verksemd, både i Hordaland og landet elles.

Søknadsfrist er 1.mars kvart år. Etter denne fristen vert mesteparten av summen vi har til rådvelde under denne ordninga løyvd. I følge IMDI sine retningsliner skal løvingane under del 2 i hovudsak utbetalast etter at tiltaket er gjennomført og rapport og rekneskap levert. Det er kvart år nokon planlagde tiltak som ikkje vert gjennomført, og midlar som difor ikkje vert utbetalt. Det har vore vanleg å gje administrativ fullmakt til å fordele evt. ubrukte midlar i slutten av året. Vi ønskjer i ei slik tilleggstildeling å stø opp under dei fleirkulturelle nettverksorganisasjonane sine prosjekt som kjem større grupper til gode, jmf. avsnittet i denne saka om sentrale organisasjonar i det fleirkulturelle Hordaland. Vi ønskjer difor, etter godkjenning frå IMDI, å lyse ut eventuelle restmildar for dei omtala nettverksorganisasjonane. Unytta midlar som det kjem melding om for seint i året til at det vert mogleg å lyse ut i tide, vert returnert til IMDI.

### **Retningsliner**

Fylkeskommunane har gjennom deltaking på fagsamlingar med IMDI høve til å vere involvert i prosessen med revidering av retningsliner.

Gjeldande retningsliner og føringar for tilskotet er gitt i rundskriv 11/14 frå IMDI 18.12.13. og brev av 7.3.14.

Desse midlane kan nyttast til reint lokale tiltak. Det ligg likevel inne føringar på at interkommunale /fylkesvise tiltak er ønskeleg. Såleis kan desse midlane i nokon grad også direkte byggje opp under fylkeskommunen si rolle som regional utviklar: «Midlene skal i størst mulig grad fordeles ut fra lokale forutsetninger og uavhengig av kommunegrenser. Det er et mål å fremme samarbeid på tvers av kommunegrensene innen det enkelte fylke. Finner fylkeskommunene det hensiktsmessig ut fra lokale forhold, kan de sette egne krav om egenfinansiering av tiltak og aktiviteter.»

### **Vilkår for tildeling inneholder også kriterier for skjønnsutøving.**

Dette er i samsvar med fylkeskommunen si oppbygging av retningslinjer for andre tilskott.

Under pkt. 3.1 i retningslinene frå IMDI heiter det mellom anna at: «Fylkeskommunen har ansvar for å utarbeide egne, lokale prioriteringar og retningslinjer for tildelinga» Under pkt. 3.2 heiter det: «Midlene skal i størst mulig grad fordeles ut fra lokale forutsetninger og uavhengig av kommunegrenser. Det er et mål å fremme samarbeid på tvers av kommunegrensene innen det enkelte fylke. Finner fylkeskommunene det hensiktsmessig ut fra lokale forhold, kan de sette egne krav om egenfinansiering av tiltak og aktiviteter.» Fylkeskommunen er såleis gitt eit handlingsrom til å supplere og utdjupe retningslinene med utgangspunkt i regionale/lokale tilhøve og prioriteringar, slik at desse betre når sitt føremål. Dette kan til dømes handle om å prioritere særskilte grupper og/eller føremål i ein avgrensa periode.

I høve tilskott til drift er fylkeskommunen også gitt mynde til å fastsetje nærmere krav til medlemstal og tilskottssatsar, jfr. pkt. 1.2 f og g, der det går fram at tala er tilrådd/rettleieande.

### **Del 1. Tilskott til drift av innvandrarorganisasjonar**

#### **«1.1 Formål med ordningen**

*Formålet med driftstilskudd til lokal innvandrerorganisasjoner er å medvirke til å styrke innvandrerbefolkingenes deltakelse i organisasjonslivet lokalt og til å øke tilgjengeligheten til sosiale nettverk for denne delen av befolkningen. Tilskudd skal bidra til å skape økt tillit til og økt tilhørighet i det norske samfunnet.*

#### **1.2 Vilkår for tilskudd**

*Organisasjoner som søker tilskudd må ha organisasjonsnummer, og må oppgi dette i søknaden før den behandles. (...) Lokale og regionale innvandrerorganisasjoner hvis virksomhet faller inn under målene som er beskrevet ovenfor kan gis tilskudd.*

a) *Med lokal innvandrerorganisasjon forstås en organisasjon som er hjemmehørende i en kommune, bydel eller region, der medlemmene er innvandrere og norskfødte med to innvandrede foreldre med bakgrunn fra land utenfor Norden, USA, Canada, Australia og New Zealand. Regionale organisasjoner kan ha medlemmer i mer enn ett fylke. I slike tilfeller må skjønnet avgjøre hvilken fylkeskommune de kan sies å tilhøre i forhold til hvor de skal få støtte fra. Det kan bare gis driftsstøtte fra én fylkeskommune.*

b) *Tilskuddet gis som driftsstøtte til aktive organisasjoner. Tildelingen av støtte baseres på antallet dokumentert betalende medlemmer og at organisasjonen faller inn under definisjonen som er gitt i punkt a).*

c) *Organisasjonen skal ved søknad oppgi formål eller målsetting og levere årsrapport og regnskap over organisasjonens tiltak siste år på eget skjema*

d) *Nye organisasjoner må ha eksistert i minimum 2 år før de kan tildeles støtte.*

e) *Driftsstøtte kan ikke gis til trossamfunn som mottar støtte i egenkap av trossamfunn.*

f) *For å bli registrert som lokal eller regional innvandrerorganisasjon er det satt et veilederende minstekrav til antall betalende medlemmer. I fylker med en innvandrerbefolking på under 5 000 personer anbefales det at organisasjonen må ha minst 15 betalende medlemmer. I fylker med en innvandrerbefolking på mellom 5 000 og 20 000 personer anbefales det å sette kravet til 25 betalende medlemmer, og i Oslo foreslås kravet å være 80 betalende medlemmer.*

g) Det anbefales at fylkeskommunen følger disse veiledende satsene for utmåling av årlige tilskudd til drift av lokale innvanderorganisasjoner:

- små organisasjoner = under 100 medlemmer - kr. 6 000,-
- mellomstore organisasjoner = mellom 100 og 250 medl. - kr. 11 250,-
- store organisasjoner = over 250 medlemmer - kr. 21 000,-

h) Organisasjonene skal legge frem medlemsliste ved søknad. Som tellende medlemmer regnes medlemmer som har betalt medlemskontingent via bank til organisasjonens konto.

i) Ved driftsstøtte og tiltaksstøtte som totalt beløper seg fra og med kr 100 000 kreves regnskap etter regnskapsloven og revisjonsberetning etter revisjonsstandard ISA 700. For støtte under kr. 100 000 kreves det regnskap og bilagsoversikt.

Følgende momenter vurderes i søknadsbehandlingen:

- Nettverk/forankring gjennomslag i aktuelle miljø/lokalsamfunn
- Frivillig innsats i organisasjonene
- God økonomistyring

Det kan påregnes at IMDi i samarbeid med fylkeskommunen vil initiere et antall stikkontroller med ettersyn av regnskap og oppfyllelse av vilkårene for tilskuddet.

## Del 2. Tilskot til frivillig verksemd i lokalsamfunnet

### 2.1 Formål med ordningen

Formålet med tilskuddet til frivillig virksomhet er å skape møteplasser og aktiviteter i lokalsamfunn på tvers av ulike grupper i befolkningen. Tiltakene skal være knyttet til integrering og inkludering av personer med innvanderbakgrunn. Tilskudd skal bidra til å skape økt tillit til og økt tilhørighet i det norske samfunnet.

Hovedmålgruppen for denne tilskuddsordningen er frivillige organisasjoner i lokalsamfunn, inkludert innvanderorganisasjoner og innvandrerråd. Også privatpersoner kan søke. Offentlig eller halvoffentlig instanser (som f.eks. frivillighetssentral, krisesenter eller kommunal ungdomsklubb) kan også tildeles støtte etter søknad.

### 2.2 Kriterier for tilskudd

Søkere må ha organisasjonsnummer, og må oppgi dette i søknaden før den behandles. (...)Når privatpersoner søker tilskudd, eventuelt på vegne av en gruppe, stilles det krav om at fødselsnummer oppgis i søknaden.

Følgende momenter vurderes i søknadsbehandlingen:

- I hvilken grad tiltaket støtter opp under ordningens formål om økt tillit og økt tilhørighet i det norske samfunnet
- Kompetanse og erfaring på området
- Gjennomføringsevne
- Nettverk/forankring gjennomslag i aktuelle miljø/lokalsamfunn
- Frivillig innsats i tiltakene
- Samarbeid på tvers av ulike grupper i befolkningen
- Samarbeid med offentlige etater, kommuner eller andre organisasjoner, der det er relevant for prosjektet
- God økonomistyring

På eget skjema må det leveres rapport med regnskap på tiltaket som er støttet. Dersom organisasjonen mottar over kr. 100 000 i tilskudd til tiltak, så skal det også leveres en revisjonsberetning etter revisjonsstandard ISA 805. For støtte under kr. 100 000 kreves det regnskap og eventuelt bilagsoversikt. Vilkårene for tilskudd(-ene) legges til grunn for revisjonen.

Ved driftsstøtte og tiltaksstøtte som totalt beløper seg f.o.m. kr 100 000 kreves regnskap etter regnskapsloven og revisjonsberetning etter revisjonsstandard ISA 700.

*Det kan påregnes at IMDi i samarbeid med fylkeskommunen vil initiere et antall stikkontroller med ettersyn av regnskap og oppfyllelse av vilkårene for tilskuddet.»*

### **Søknadsskjema, informasjon og rettleiing**

IMDI utarbeider forslag til skjema til bruk for fylkeskommunane. Desse blir lagt som grunnlag også i Hordaland, men er omarbeidde for å verte meir hensiktsmessige og relevante. Vi gjekk i fjar over til eit kortare, meir skjematiske oppsett i sjølve skjema, og i tillegg krevje årsmelding, rekneshap og liknande som er godkjende i organisasjonen som vedlegg. Det bør også sjåast på om/korleis ein kan gjere meir av søknadsskjema og rapporteringsskjema elektroniske.

Det har dei siste åra vore gjort endringar i retningslinene som på nokre felt medfører skjerping av vilkåra. Vi har sett at dette har ført til at nokre organisasjonar ikkje ser det som mogleg/ser seg tent med å innretta seg etter desse krava til m.a. betalande medlemmar, og såleis etter å ha fått avslag ikkje har søkt igjen. Andre organisasjonar har innretta seg etter krava og såleis fått eit betre organisasjonsmessig nivå og ryddigkeit.

Skjerpa krav skapar eit større behov for informasjon og rettleiing. Tidlegare har IMDI utarbeidd ei brosjyre med informasjon og retningsliner. For 2013 og 2014 har dette ikkje vore gjort. Fylkeskommunane har då utarbeidd sin informasjon til potensielle søkerar ut frå informasjonen som er gitt i rundskrivet.

IMDI og fylkeskommune har som krav til utbetaling av drift at organisasjonane som søker har organisasjonsnummer. Det gis enno ei viss opning for privatpersonar kan søkje tilskot gjennom del 2, eventuelt på vegne av ei gruppe. Då stillast det krav om at fødselsnummer vert oppgitt i søknaden. Dette har vore jobba med dei siste åra, det har vore opplyst og det har vore halde kurs og gitt tilbod om individuell rettleiing i registrering i Brønnøysundregisteret/Frivilminghetsregisteret. Dette har no ført til at mange fleire organisasjonar som er registrert.

### **Vedk. Del 1 – driftsstøtte; Innskerpa kontroll av medlemsbetaling m.m.**

I følgje retningslinene(pkt. 1.2 h) er det eit vilkår at medlemsliste skal leggjast ved søknad. I fjar kom det i tillegg inn ein ny setning der gruppa teljande medlemmer vert avgrensa til dei som har betalt kontingen til bank til organisasjonen si konto. Både spørsmål om tilskot kan tildelast og eventuell tilskotssum er knytt til medlemstal. Regelen har såleis si bakgrunn i omsynet til sikker saksopplysing og effektiv kontroll. Om det er rimeleg å stille krav om ei bestemt betalingsform har vore drøfta. Fylkeskommunen knyter ikkje krav til korleis medlemsbetaling vert gjennomført i andre stønadsordningar. Fylkesrådmannen ser ei problemstilling i at spesielle vilkår som dette vert knytt til innvandrarorganisasjonar, og tilhøvet mellom eit slikt krav og det overordna føremålet om auka tillit til og tilhøyre til det norske samfunnet. Dette må også sjåast på bakgrunn av at dei einskilde tildelingane gjeld relativt låge beløp.

Som retningslinene viser er ikkje kvart betalande medlem utslagsgjevande for tilskotet, det er heller ei inndeling i små, mellomstore og store organisasjonar med medlemstal som indikator.

Vi har sett stort ønske om aktivitet, og av og til noko mangel på kunnskap om formell organisasjonsdrift. Vi har til dømes også bistått og hatt kontakt med grupper som ønskjer å formelt opprette organisasjon. Vi har sett dette som eit viktig, men svært tidkrevjande arbeid, og i nokon grad har vi vist til Det Felles Innvandrerråd i Hordaland(DFIRH) for ytterlegare bistand og organisasjonskunnskap. DFIRH har også kurs i organisasjonskunnskap med jamne mellomrom.

IMDI har regelfesta at foreiningar skal ha eksistert i minst to år for å få driftsstøtte. Samstundes har dei innskerpa krava til dokumentering av medlemsskap, og uttalt at dei ønskjer å gje høgare støtte til større og meir stabile organisasjonar. Dette vil få konsekvensar for fleire av foreiningane vi tidlegare har hatt som søkerar. Vi oppfattar IMDI slik at fylkeskommunane i samband med forvaltning av denne ordninga ikkje skal prioritere oppfølging og rettleiing av nye initiativ på dette feltet. Både kravet til betalingsform og at organisasjonen skal ha eksistert i to år framstår som absolutte og ufråvikelege vilkår. Praksis er difor strama inn dei/det siste året. Vi erfarar at dei aller fleste organisasjonane tar det innskerpa kravet til etterretning, og har levert det materialet ein

etterspør på ein tilfredsstillande måte. Men det er også fleire organisasjonar og tiltak som er forsvunne frå våre søkeradslister, utan at det er undersøkt kvifor dei ikkje søker eller om dei framleis eksisterer. Dette kunne vore interessant å undersøkje nærmare, gjerne på landsbasis.

Hordaland fylkeskommune vurderer i utgangspunktet kravet om minst 25 medlemmar som tenleg. Det innskjerpa kravet om dokumentert betalande medlemer har for enkelte organisasjonar medført vesentleg lågare teljande medlemmar. Desse har stor aktivitet og mange aktive medspelarar, men enno få ordinært betalande medlemmer. Nokon av desse har fått eit ekstra «aktivitetstilskot» grunna høg aktivitet i forhold til medlemstal.

Det er også tilrådd ei noko større støtte generelt til dei organisasjonane som oppfyller vilkåra for driftsstøtte enn dei satsane som ligg som rettleiande. Dei rettleiande tilskotssummane er ganske låge til å kunne gjennomføre aktivitetar gjennom eit år, og det er forholdsvis romslege økonomiske rammer i forhold i denne ordninga. Tidlegare fekk ein del organisasjonar også ekstra tiltaksstøtte til arrangement, men då kravet for å få denne tiltaksstøtta i del 2 no har klarare fleirkulturelt krav og krav om samarbeid, ser eg det som hensiktsmessig å auke driftsstøtta noko og slik halde på krava for i første rekke fleirkulturalitet og også samarbeid i del 2 .

Det er ein føresetnad for utbetaling av tilskotet at godkjend rapport og rekneskap ligg føre.

### **Ang. del 2, Tilskot til frivillig verksemd i lokalsamfunnet**

Denne delen av tilskotsordninga skal skape møteplassar i lokalsamfunnet på tvers av etnisk og nasjonal opphav. Ein møteplass kan til dømes vere eit kurs, seminar, utstilling, informasjonsmøte, konsert eller idrettsaktivitet.

I hovudsak tildelast midlar til tiltak som gjennomførast i konkret samarbeid mellom ulike lokale aktørar. Aktivitetar som berre er retta innad mot ei bestemt gruppe eller miljø og som ikkje kommuniserer utad mot andre, skal normalt ikkje gjevast stønad. Aktørane kan vera frivillige organisasjonar, grupper eller enkelpersonar, eventuelt i samarbeid med offentlege eller halvoffentlege instansar. Del 1 er særleg knytt til om organisasjonane oppfyller dei formelle kriteria, men del 2 opnar for meir fagleg, skjønnsmessig vurdering.

Som nemnd tidlegare i saka er der ei nedgang i søkeradslister frå innvandrarorganisasjonar – dette gjeld også i denne del 2. Innskjerpingar har ført til ein prosess og ei utvikling av type søkeradslister i søkeradsbunka. Tidlegare vart desse tiltaksmidlane ofte oppfatta som ekstratilskot til forholdsvis interne aktivitetar i organisasjonar som også får driftsstønad. Ei stor del av desse søkeradane gjaldt og framleis gjeld støtte til nasjonaldagsfeiringar og feiring av religiøse høgtider. Slike feiringar er no i all hovudsak sett på som ein del av organisasjonane si drift, og fell såleis utanfor føremålet for ordninga del 2. Det kan gjerast unntak om søkeraden argumenterer for at det jobbast aktivt for å opne slike feiringar for andre utanfor den aktuelle etniske gruppa og at dagen nyttast med eit tydeleg fleirkulturelt føremål.

Det kjem mange nye søkeradar til denne ordninga, og det er svært positivt at de dei siste åra har vore aukande tal på søkeradslister frå fleirkulturelle tiltak utanfor Bergen. No er det fleirkulturelle møtestader i så og seie alle regionane i fylket. Dette er ofte i form av fleirkulturelle «cafés», «lågterskeltildel» – dvs. ein uformell møteplass med samtale, mat og evt. litt aktivitet som spel, enkle kulturinnslag el. Eg ser det som viktig å støtte opp under slike møtestader då det er mykje flyktningar som er busett rundt i kommunane, og slike tilbod er viktig både for norske som har budd lenge i lokalsamfunn og slik får høve til å møte nyinnflytta. Det norske organisasjonssamfunnet med dei forpliktingar det medfører kan vere komplisert og vanskeleg å kome inn i for folk frå andre land og slike internasjonale tilbod er ein viktig start på å gjere seg kjend i lokalsamfunnet. Desse tiltaka skjer ofte i samarbeid mellom frivilligsentraler, norske humanitære organisasjonar og kommunar. Dei fleste innvandrarorganisasjonane har sin hovedaktivitet i Bergen, med har oftast også medlemmar som er busett i ulike kommunar.

Det er positivt at frivilligsentralane har vorte så aktiv på dette feltet. I nokon tilfelle søker desse om fullfinansiering av tiltaket. Dette har eg ikkje innvilga då eg også ser på slike tiltak som ein del av dei oppgåvne kommunen og f.eks frivilligsentralane har som halvoffentlege instansar, og sjølv må vere med på å finansiere. Fleire av tiltaka er også tett knytt til offentlege instansar som t.d. kommunale introduksjonsprogram for flyktningar. Det er positivt med den slags samarbeid, det er ei god kopling mellom offentleg og frivillig sektor, men det er også viktig å vere klar på at kva som er kommunane sitt ansvar – med finansiering frå andre kilder, I følgje føremålet er hovudmålgruppa for denne tilskotsordning frivillige organisasjonar i lokalsamfunn, difor må den frivillige dimensjonen vere klår om ein skal tilrå støtte til eit tiltak.

Vi ser i denne søknadsrunda ei sterke auke i søknadsmengen frå fleirkulturelle kvinnegrupper, nokre av desse er knytt til frivilligsentralane. Dette ser vi som ei positiv utvikling då kvinnegrupper har vore prioritert i denne ordninga dei siste åra. Det vert sett på som særstakt viktig å engasjere kvinner i slike aktivitetar då fleire av desse ikkje går i fast arbeid utanfor heimen. Nokre av desse fekk tidlegare støtte gjennom del 1, men då kravet om medlemsskap og betaling vart innskjerpa søkte fleire av desse på del 2. Vi ser det som riktig å tilrå støtte til desse gruppene gjennom del 2, då dette er fleirkulturelle grupper som oftast har fleire samarbeidspartnarar. Innhaldet i programmet for desse varierer litt, men det er oftast lågterskel møteplass som er hovudføremålet. Vi har difor sett på desse gruppene i forhold til kvarandre og tilrådd løyvingar som kan harmonere nokonlunde med den driftstøtta andre organisasjonar på same storleik får i del 1.

I det heile er der fleire norske organisasjonar som søker og som får støtte gjennom denne ordninga, og tiltaka er oftast ganske «norskstyrt». Det kan vere ei grei utvikling, men ein bør også ha merksemd på at ein tek i vare engasjementet blant innvandrarane sjølv.

### **Sentrale organisasjonar i det fleirkulturelle Hordaland**

Det har gjennom mange år vore nokre sentrale organisasjonar i det fleirkulturelle feltet i fylket. Midlane frå IMDI er eit viktig reiskap for å setje i verk Hordaland fylkeskommune sin politikk og føringer på det fleirkulturelle feltet.

Det Felles Innvandrerråd i Hordaland er ein paraplyorganisasjon for i omlag 50 innvandrarorganisasjonar. Dette rådet har nær og god kontakt med fylkeskommunen og er ein viktig medspelar i det praktiske kulturarbeidet og utforming av kulturpolitikken på dette feltet. Hordaland fylkeskommune gjev Det Felles Innvandrerråd i Hordaland årleg driftsstønad over budsjett, inkl. stønad til Kontaktutvalet mellom innvandrarar og styresmakter(KIS).

BIKS(Bergen internasjonale kultursenter) har vore ein viktig organisasjon og møtestad for mange fleirkulturelle organisasjonar og innvandrarorganisasjonar. Desse arbeider også tett med Det Felles Innvandrerråd i Hordaland.

FN-sambandet/Internasjonal uke får også noko driftsstønad over fylkeskommunen sitt budsjett. I tillegg har dei fått tildelingar gjennom ulike prosjekttildelinger dei siste åra. FN-sambandet og Internasjonal uke er ein god koordinator og paraply for arrangement og aktørar og er avhengige av at dei ulike samarbeidande aktørane bidreg med sine arrangement/sin økonomi.

Fleire idrettsorganisasjonar deltek i prosjektet Aktiv Saman. Aktørane som er med i prosjektet er Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune, Fjell kommune, Askøy kommune, Samnanger kommune, Bergen Turlag, Bergen og Omland Friluftsråd, Way Forward og Hordaland idrettskrets. Idretts- og friluftslivsorganisasjonane er ein god arena for integrering av innvandrarar, og hovudmålet med Aktiv Saman er å få fleire fleirkulturelle barn og unge meir aktive kvar dag, med eit særskilt fokus på dei som er lite fysisk aktive og/eller fysisk inaktive. Det er ei utfordring for mange organisasjonar å gje innvandrarbefolkninga informasjon om dei frivillige organisasjonane og handsame kulturelle og økonomiske hindringar for deltaking. Dette behovet ga grunnlaget for eit strukturert samarbeid der ein samlar ressursar og kompetanse i ein felles modell. Målet er at fleire aktørar kan nytta modellen og at den også kan brukast på t.d. ulike område av kulturfeltet.